

Åpning av det 127. ordentlige Storting.

President: Per Hysing-Dahl.

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg lørdag den 2. oktober kl. 13 i stortingssalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 127. ordentlige Storting ved dets åpning:

Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for fedrelandet.

Regjeringen vil bygge videre på grunnsyn og retningslinjer i fellesinnstillingen av juni 1981 fra Høyre, Kristelig Folkeparti og Senterpartiet, og Regjeringens tiltredelseserklæring. Den vil legge særlig vekt på:

– Arbeidet for sikkerhet, avspenning og fred.
– En samlet politikk for å skape ny vekst i landets økonomi, og dermed sikre sysselsettingen og velferdssamfunnet.

– Reformen for å styrke innsatsviljen og handlefriheten for enkeltmennesker, arbeidsplasser og lokalsamfunn, og begrense offentlige inngrep og reguleringer.

Norsk utenriks- og sikkerhetspolitikk vil bygge videre på et nært samarbeid med våre allierte i NATO og et sterkt norsk forsvar, og på aktiv innsats i FN. Det nære nordiske samarbeid og de økonomiske og politiske forbindelser med EF vil bli søkt utviklet ytterligere. Det vil bli lagt vekt på et godt naboforhold til Sovjetunionen.

Arbeidet for rustningskontroll og gjensidig nedrustning vil bli gitt høyeste prioritet. Det er særlig viktig å få redusert antallet kjernevåpen og minske NATO-forsvarets avhengighet av disse.

Norge vil arbeide for å styrke det internasjonale vern om menneskerettighetene og naturressursene, og bedre de økonomiske og sosiale forhold i utviklingslandene. Det er Regjeringens mål at den offentlige utviklingsbistand skal utgjøre minst 1 prosent av bruttonasjonalproduktet, og gjøres mest mulig effektiv.

Norge vil søke å styrke det internasjonale samarbeid for å overvinne den økonomiske krise og arbeidsløsheten. Innskrenkninger i fri handel og skipsfart vil bli motarbeidet.

Den økonomiske politikk vil særlig ta sikte på å bremse pris- og kostnadsstigningen og

styrke næringslivets konkurranseevne for å sikre sysselsettingen. Det vil bli ført en aktiv arbeidsmarkedspolitikk, og fremlagt en melding om sysselsettingspolitikken.

For å bedre utnyttelsen av landets ressurser og dempe prisstigningen, må det legges større vekt på konkurranse i økonomien.

Lettelser i beskatningen vil ha som formål å bremse kostnadsstigningen, styrke bedriftene og stimulere til innsats, effektivitet og kapitaldannelsle.

Det vil bli fremlagt stortingsmeldinger om tiltak for å styrke nyskapningen og den teknologiske utvikling i næringslivet, om gjennomføringen av arbeidsmiljøloven, og forslag om endringer vedrørende arbeidstid og ungdoms muligheter for å skaffe seg arbeid.

Regjeringen vil føre en aktiv distriktspolitikk, med spesiell vekt på innsats i Nord-Norge.

Tempoet i boliginvesteringene vil bli opprettholdt, med økt vekt på byfornyelse. Saksbehandlingen i bygge- og boligsaker vil bli forenklet.

Regjeringen arbeider med en samordning og forenkling av statlige tiltak og det regelverk som retter seg mot kommuner og fylkeskommuner.

Det vil bli lagt vekt på å styrke samisk kultur og næringsvirksomhet.

Regjeringen vil gjennom en aktiv helse- og sosialpolitikk bidra til å videreutvikle velferdssamfunnet. Helse- og sosialtjenester i kommunene vil bli prioritert. Det vil bli stimulert til frivillig innsats og lokale løsninger på ulike velferdsoppgaver, og til funksjonshemmedes og eldres aktive medvirkning i samfunnet.

Regjeringen vil fortsatt gi høy prioritet til arbeidet for barn og unge, herunder barnehager og tiltak for vanskeligstilte ungdomsgrupper. Ungdomspolitikken må fremme de unges medvirkning og medansvar i samfunnet.

Det vil bli fremmet en handlingsplan mot narkotikamisbruk. Arbeidet mot alkoholmisbruk vil bli ført videre.

Arbeidet for likestilling vil fortsette med særlig vekt på kvinners stilling innenfor utdanning og arbeidsliv.

Skolepolitikken vil ta sikte på å styrke det faglige innhold i undervisning og opplæring, med særlig vekt på grunnleggende kunnskaper og ferdigheter og skolens oppdragerfunksjon.

For å møte de store elevkullene i årene fremover, vil Regjeringen treffe tiltak for å opprette flere elevplasser i den videregående skolen.

Yrkesutdanningen vil bli styrket, blant annet gjennom øket samspill mellom yrkesopplæ-

ringen i skole og bedrift og en videre utbygging av lærlingeordningen.

Innenfor voksenalplæringen vil Regjeringen prioritere dem som har kunnet gjøre seg minst nytte av samfunnets ordinære utdanningsmuligheter.

Arbeidet for å sikre Kirken større selvstyre og friere arbeidsmuligheter vil bli ført videre.

Det vil bli lagt frem stortingsmeldinger om studiefinansiering, kulturpolitikk, filmspørsmål og Program 2 i radio. Arbeidet for større mangfold og allsidighet i kringkastingstilbudet vil bli ført videre.

Innenfor høyere utdanning vil de teknologiske studier for tiden bli gitt høyest prioritet.

Regjeringen legger stor vekt på at forskningen skal ha tilstrekkelig styrke. Forenklinger i organiseringen av forskningen vil bli vurdert.

Politi, lensmannsetat og domstoler vil bli effektivisert. Det vil bli fremmet proposisjoner om erstatning ved ekspropriasjon og om bedre strafferettslig vern for eldre og vergeløse. Innsatsen mot prostitusjon, kvinnemishandling og barnemishandling vil fortsette.

I samferdselssektoren vil det bli arbeidet videre med lovforenkling og med systemene for transportsubsidier. Det vil bli fremlagt meldinger om jernbane- og luftfartspolitikken, samt forslag til ny og enklere hotell-lov.

Det vil bli fremmet en melding om retningslinjer for fiskeripolitikken.

Jord- og skogbrukspolitikken vil bli ført videre etter de hovedlinjer som Stortinget har trukket opp. Det vil bli fremmet en melding om skogpolitikken.

Regjeringen vil fortsette arbeidet for en ansvarlig forvaltning av naturressursene, reduksjon av forurensningene og økt gjenvinning av ressurser fra avfall.

Arbeidet med å sikre almenhetens muligheter for et variert friluftsliv, vil bli kombinert med tiltak for å gjøre det lettere å bygge hytter.

Regjeringen går inn for en fordeling av oppgavene i oljevirkosomheten som støtter utviklingen av flere kvalifiserte norske oljemiljøer, i konkurranse med hverandre. Den norske stats oljeselskap vil fortsatt spille en sentral rolle. Oljeaktiviteten søkes økt i Nord- og Midt-Norge etterhvert som bedre sikkerhet gjør dette forsvarlig. Det vil bli lagt frem forslag vedrørende vilkår for kraftleveringer til visse industrier og endringer i Norges vassdrags- og elektrisitetsvesens organisasjon.

Regjeringen vil fremme forslag til ny lov om tilsattes representasjon i offentlige virksomheters styrende organer.

Regjeringen vil understreke at arbeidet for å styrke sysselsettingen og velferdssamfunnet under en internasjonal økonomisk krise, kal-

ler på moderasjon og samarbeid mellom partier og organisasjoner. Regjeringen vil medvirke til et best mulig samarbeid om å løse disse oppgaver.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 127. ordentlige Storting åpnet.

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikets tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Arne Skauge:

I samsvar med grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikets tilstand og styring i tida etter siste melding:

Noreg har teke aktivt del i det mellomfolkelege samarbeidet for å sikre fred, tryggleik og reell avspenning. Noreg har arbeidd for å fremje ei positiv internasjonal økonomisk og sosial utvikling.

NATO-medlemskapen er grunnlaget for Noregs tryggings- og forsvarspolitik. Det forpliktande allierte fellesforsvaret og Noregs nasjonale forsvarsinnsats sikrar norsk tryggleik og sjølvvråderett. Regjeringa ser det som viktig at ein på norsk side heile tida gjer dei førebuingane som er nødvendige, for at vi kan ta imot alliert hjelp dersom det skulle bli nødvendig. Slike tiltak gjer det mogleg å holde fast ved dei norske sjølvpålagde restriksjonane innanfor ramma av alliansemedlemskapen. Noregs base- og atomvåpenpolitikk ligg fast.

Ved sida av dei rådføringane som blir førte i NATO, har Noreg lagt vekt på nære kontaktar og rådføringar med dei vestlege landa tosidig og gjennom dei politiske og økonomiske samarbeidsorganisasjonane som er skipa, som Europarådet, OECD og EFTA. Regjeringa har sett det som særleg viktig å byggje ut kontaktane med det utanrikspolitiske samarbeidet mellom EF-landa (EPS). Ordninga med samarbeidsmøte på høgt politisk nivå om økonomiske spørsmål mellom EF-kommisjonen og Noreg er vorten følgd opp. Kontaktane med EF på ymse fagområde er vortne vidare utbygde og styrkte. Samarbeidet med dei nordiske landa er ført vidare, og ein har lagt vekt på å ta vare på og styrkje det gode og nære nabolihøvet.

Regjeringa har lagt vekt på å halde oppe eit godt nabolihøve til Sovjetunionen, og på å halde ved like stabiliteten i vår del av verda.

Som ledd i arbeidet for varig å betre austvest-forholdet har Noreg målmedvete arbeidd for at Sluttakta frå Konferansen om tryggleik og samarbeid i Europa skal bli sett i verk på ein balansert måte av alle dei deltakande statane, og vi har teke aktivt del i drøftingane på

oppfølgingsmøtet i Madrid. Innføringa av unntakstilstanden i Polen var eit tilbakeslag for avspenningsprosessen og har ført til ein lengre pause i Madrid-møtet.

Rustingskontroll og nedrusting er viktige delar av Noregs tryggingsspolitikk. Siktemålet for Regjeringa er å oppnå same tryggleik på eit lågast mogleg styrkenivå. Noreg har på dette grunnlaget teke aktivt del i arbeidet i NATO, KSSE, MBFR, FN og andre internasjonale fora.

Regjeringa har vore oppteken av å styrkje det norske engasjementet for nedrusting og rustingskontroll, særleg når det gjeld kjernevåpen. Regjeringa har sterkt streka under behovet for tiltak som kan redusere den rolla og det omfanget som kjernevåpna har i tryggingsspolitikken til dei einskilde statane. Hit høyrer òg tiltak for å hindre spreiding av kjernevåpen. Regjeringa har halde fram at NATO bør vere så lite avhengig av kjernevåpen som mogleg, og har i samband med dette peikt på at ein betre konvensjonell styrkebalanse vil vere med å redusere risikoen for at kjernevåpen blir tekne i bruk. Regjeringa har sett det slik at dette vil setje NATO-forsvaret betre i stand til å avverje åtak.

Forhandlingane i Genève mellom Sambandsstatane og Sovjetunionen er det som i dag gjev størst von om at det skal vere mogleg å komme fram til avtaler om reduksjonar og avgrensingar av desse våpna. Grunnlaget for desse forhandlingane er NATOs dobbeltvedtak av 1979. Regjeringa har aktivt teke del i dei allierte konsultasjonane om utforminga og gjennomføringa av det vestlege forhandlingsopplegget.

Regjeringa går inn for at forhandlingane skal føre til så store reduksjonar i sovjetiske mellomdistanseraketar som alt er utplasserte, at det blir mogleg for NATO å la vere å utplassere nye mellomdistanseraketar. Ein føresetnad for å nå eit slikt resultat er at alle medlemslanda i alliansen sluttar opp om begge delane av dobbeltvedtaket. Førebuingar med sikte på utplassering dersom forhandlingane ikkje fører til det resultatet ein har vona på, skal vise at vedtaket er alvorlig meint. Dette sikrar at det blir ført reelle forhandlingar om reduksjonar.

Regjeringa har streka under kor viktig det er at forhandlingane om mellomdistansevåpen blir følgde opp av amerikansk-sovjetiske forhandlingar om reduksjon av strategiske kjernevåpen (START). At desse forhandlingane er komne i gang, kan gjere det lettare både å oppnå framgang i forhandlingane om gjensidig avgreiing av mellomdistansevåpen, og generelt leggje grunnlaget for omfattande ordningar for nedbygging og avgrensing av kjernevåpen.

I samband med det har Regjeringa streka under at ein må sjå på spørsmålet om kjernevåpenfrie soner som eit ledd i den samla forhandlingsløysninga mellom NATO og Warszawapakta i eit lengre tidsperspektiv.

Noreg har teke aktivt del under førebuingane til FN's andre spesialsesjon om nedrusting, og i arbeidet der. Sesjonen oppnådde ikkje det ein hadde vona, men Regjeringa har likevel gjeve uttrykk for at Noreg vil gjere sitt til at det arbeidet spesialsesjonen begynte på, blir fullført.

Regjeringa har lagt stor vekt på forhandlingane innanfor ramma av Nedrustingskomiteen i Genève, og har gjeve uttrykk for at Noreg ønskjer å bli fullt medlem av komiteen og ta aktivt del i arbeidet der.

Noreg har vore med og utarbeidd og støtta det vestlege avtaleutkastet som er vorte lagt fram i Wien i forhandlingane om gjensidige og balanserte styrkereduksjonar i Sentral-Europa (MBFR). Det vestlege avtaleutkastet bør gjere det mogleg å nå fram til eit positivt resultat i desse forhandlingane, som kan gjere sitt til å auke tryggleiken i Europa.

Regjeringa har gått inn for å vere meir open når det gjeld å gje informasjon om tryggingsspolitiske tilhøve og vedtak, og å styrkje informasjonsarbeidet om rustingskontroll og nedrusting. Regjeringa har lagt vekt på kontaktane med dei politiske partia, representantar for forskingsinstitusjonane, massemedia og dei frivillige organisasjonane.

Regjeringa har konsekvent arbeidd for å styrkje vernet om dei fundamentale reglane for mellomfolkeleg samkvem. Noreg har teke avstand frå Sovjetunionens krigføring i Afghanistan og unntakstilstanden i Polen, som også representerer klare brott på internasjonale reglar.

Noreg tok på same måte avstand frå den argentinske okkupasjonen av Falklandsøyane og innførte som EF og ei rekkje andre land forbod mot import av argentinske varer. Forbodet vart sett i verk 19. mai 1982 og oppheva 21. juni d.å., etter at det var slutt på krigshandlingane.

Regjeringa meiner samhandelen med dei austuropeiske landa bør skje på vanlege kommersielle vilkår, og i samsvar med dei retningslinjene som vestlege land har utforma for eksport av strategisk viktige varer.

Noreg legg stor vekt på samarbeidet i Dei sameinte nasjonane. Noreg har derfor arbeidd aktivt for å styrkje organisasjonen.

For å støtte FN's arbeid for å verne om freden, har Noreg teke del i fleire av FN's fredsbevarande operasjonar. Såleis har Noreg teke del i FN-styrken i Libanon (UNIFIL) sidan den vart oppretta i 1978. Etter Israels invasjon i Sør-Libanon i juni i år har styrken ikkje

kunna fungere i samsvar med mandatet sitt. Regjeringa er uroa over at dette har gjort det vanskelegare for FN å setje i verk fredsbevarende operasjonar. Noreg har støtta dei resolusjonane i Tryggingrådet i FN som krev at dei israelske styrkane skal dragast tilbake, og at det må bli slutt på komphandlingane frå libanesisk område over grensa til Israel.

Noreg følgjer aktivt med i det arbeidet som blir gjort både av FN og den vestlege kontaktgruppa (USA, Canada, Storbritannia, Vest-Tyskland og Frankrike), for å finne ei ordning som kan føre fram til snarleg sjølvstende for Namibia. Regjeringa ser det slik at Sør-Afrika må ta hovudansvaret for at det enno ikkje er funne ei løysing og meiner at det internasjonale presset mot Sør-Afrika må halde fram.

Noreg har halde fram med den humanitære hjelpa til flyktingane frå Sør-Afrika og Namibia og til ofra for apartheidpolitikken.

Noreg gjev omfattande hjelp til flyktingar i mange land. Det er gjeve garanti for innreise til Noreg for indokinesiske båtflyktingar som blir tekne opp av norske skip. Til no har Regjeringa gjeve slike garantiar til i alt 5 429 personar, og over 3 320 austasiatar er komne til Noreg. I tillegg tek Noreg imot politiske flyktingar frå Latin-Amerika, Aust-Europa, Afrika og andre land i Asia. Det er eigne kvotar for funksjonshemma flyktingar.

Noreg har teke aktivt del i både det tosidige og det fleirsidige arbeidet for å styrkje og effektivisere det internasjonale menneskerettsvernet og for å hindre brott på menneskerettane. Representantar for Regjeringa har mellom anna teke opp menneskerettssituasjonen i ei rekkje land på møte i internasjonale organisasjoner. Saman med Danmark, Frankrike, Nederland og Sverige leverte Noreg 1. juli 1982 til generalsekretæren i Europarådet ei klage mot Tyrkia for brott på menneskerettane i landet.

Frå norsk side har ein vidare engasjert seg i arbeidet med å fremje interessene til urfolk i internasjonal samanheng. Det same gjeld arbeidet for å avskaffe tortur, rasediskriminering og religiøs intoleranse.

Innanfor rammene av det mellomstatlege samarbeidet som Noreg tek del i, held Utanriksdepartementet fram med arbeidet sitt for å fremje likestilling. Det er utarbeidd retningslinjer for Noregs internasjonale arbeid for å fremje likestilling mellom kvinner og menn, til rettleiing for dei som representerer norske styresmakter overfor utlandet, anten det skjer i det daglege arbeidet eller som deltakarar i norske delegasjonar til internasjonale konferansar og møte. Departementet held samtidig fram med arbeidet for å auke

rekrutteringa av kvinner til utanrikstenesta og for å auke kvinnerepresentasjonen ved offentlege oppnemningar av delegasjonar m.m.

Noreg har halde fram med arbeidet for å styrkje samarbeidet med land i Afrika, Asia, Midtausten og Sør- og Mellom-Amerika.

Samarbeidet med utviklingslanda når det gjeld utviklingshjelp og anna økonomisk samarbeid, er ført vidare i samsvar med dei prinsipp og retningslinjer som Stortinget har slutta seg til.

Dei offentlege overføringane frå Noreg til utviklingshjelp og internasjonalt humanitært hjelpearbeid var i 1981 på i alt 2 644,2 millionar kroner. Dette er ein auke frå 1980 på 313,6 millionar kroner eller 13,5 prosent. Noreg er eit av dei få landa som oppfyller målsetjinga til FN om offentlege overføringar på 0,7 prosent av bruttonasjonalproduktet (BNP) til utviklingsland. Trass i at Regjeringa framleis har som mål at minst 1 prosent av BNP skal gå til utviklingshjelp, svarte nettohjelpa i 1981 til 0,79 prosent mot 0,82 prosent i 1980. Denne nedgangen kjem i hovudsaka av at då løyvingane til utviklingshjelp for 1981 i si tid vart fastlagde, rekna ein med at BNP skulle bli lågare enn det ved utgangen av året synte seg å bli. At gjennomføringa av enkelte hjelpetiltak vart seinka, har også i nokon monn gjort sitt til nedgangen.

Av den norske hjelpa til utviklingsland i 1981 gjekk 53,6 prosent til tosidige og 46,4 prosent til fleirsidige tiltak, medan fordelinga i 1980 var 57,5 prosent og 42,5 prosent. Av den tosidige hjelpa vart 7,3 prosent administrert av internasjonale organisasjonar, mot 6,7 prosent i 1980.

Det nordiske hjelpesamarbeidet er ført vidare, og det er teke fleire initiativ for å finne fram til høvelege nye område der dei nordiske landa kan samarbeide om hjelpeinnsatsen.

Den største delen av hjelpa til hovudsamarbeidslanda våre blir gjeven som finansiell og fagleg stønad til utviklingsprogram i landa, eller som vare- og importstønad. Det er også i 1982 inngått ei rekkje avtaler om slik stønad med desse landa. Såleis er det t.d. når det gjeld Bangladesh, inngått avtale om hjelp gjennom finansinstitusjonar til småindustri og heimeindustri, og med India om samarbeid innan datateknologi.

I Tanzania og Mosambik blir den norske innsatsen konsentrert om kraftutbygging og kysttransport, medan det i Kenya er eit omfattande distriktsutviklingsprogram i Turkana-provinsen som er hovudsaka. I Botswana er Noreg i ferd med å etablere eit breiare samarbeid om landsbygduitvikling, medan vassforsyningsprogrammet framleis utgjer hovud-

tyngda av hjelpeprogrammet i Zambia.

Utanom hovudsamarbeidslanda vil ein særleg nemne at det i juni i år i prinsippet vart godkjent ein søknad frå Kirkens Nødhjelp om stønad på i alt 128 millionar kroner til det distriktutviklingsprogrammet som organisasjonen driv i Sør-Sudan. Søknaden gjeld åra 1983–86.

I samband med at Zimbabwe vart sjølvstendig, har Noreg vedteke å gje stønad i etableringsfasen. Under eit planlagt fireårig stønads- og samarbeidsprogram er det underskrive avtaler om hjelp til utbygging av vassforsyning på landsbygda og til å få i stand eit kooperativt mjølkeforsyningsprogram.

Noreg stør det regionale samarbeidet som ni sjølvstendige land i det sørlege Afrika har innleidd i 1980 med sikte på å gjere seg mindre økonomisk avhengige av Sør-Afrika. Saman med dei andre nordiske landa har Noreg halde fram med arbeidet med å førebu ein felles hjelpeinnsats i Namibia så snart landet blir sjølvstendig.

Noreg gav på OECDs bidragskonferanse i mai 1981 tilsegn om norsk hjelp med 50 millionar kroner til Tyrkia, med atterhald om samtykke i Stortinget. På bakgrunn av utviklinga i Tyrkia vedtok Regjeringa i november 1981 ikkje å fremje dette som løyvingssak for Stortinget før det ligg føre ei nærmare avklaring av situasjonen i landet.

Ein tek sikte på å avslutte hjelpa til Portugal i 1984, same året som ein ventar at Portugal skal komme med i EF. Samarbeidet skal for framtida vere bygd på eit breitt industrielt og kommersielt grunnlag. Med det avsluttande hjelpearet vil ein prøve å leggje eit grunnlag for dette.

Samarbeidet med Jamaica held fram.

Det er skrive under ei avtale med Nicaragua om eit konsulentfond som skal dekkje norske konsulenttenester i landet.

Når det gjeld Vietnam, vil ein sørge for å få avslutta fleire norskfinansierte prosjekt, der rehabiliteringsarbeidet er det viktigaste. Ein tek sikte på å bli ferdig med dette arbeidet i 1984.

Noreg er som tidlegare mellom dei landa som gjev mest til internasjonale hjelpeorganisasjonar. I 1981, som i tidlegare år, gjekk om lag 40 prosent av norsk multilateral hjelp til FN's utviklingsprogram (UNDP og Det internasjonale utviklingsfondet (IDA).

Frå norsk side har ein engasjert seg sterkt i dei førebuande drøftingane om å få i gang globale forhandlingar i FN om internasjonalt økonomisk utviklingssamarbeid. Desse drøftingane har dessverre enno ikkje ført til noko endeleg vedtak om å få sett i gang slike forhandlingar.

Noreg ratifiserte 18. mai 1982. Den internasjonale kakaoavtala og Den sjettede internasjonale tinnavtala. Begge avtalene etterfølgjer tidlegare avtaler, og ein har forhandla på nytt innanfor ramma av UNCTADs råvareprogram. Generelt sett har likevel arbeidet med å få sett i verk. Det integrerte råvareprogrammet og Det felles fondet for råvarer gått svært seint. Trass i ei rekkje møte og konferansar har utviklinga på nord-sør-området i 1982 vore merkt av stagnasjon og tilbakeslag. Samtidig er situasjonen for dei fattige landa vorten endå vanskelegare. Det er derfor endå meir nødvendig enn tidlegare at Noreg held oppe sitt aktive engasjement for å skape ei ny økonomisk verdsordning, og at vi held fram med å spele ei formidlarrolle mellom andre industriland og utviklingslanda.

For å følgje opp FN's konferanse for vitenskap og teknologi for utvikling (UNCSTD) i Wien 1979, er det skipa eit rådgjevande utval for utviklingsforskning.

Noreg er for treårsperioden 1981–83 valt inn som medlem av FN's økonomiske og sosiale råd (ECOSOC).

I OECD har Noreg gått inn for at organisasjonen skal arbeide meir aktivt med det alvorlege arbeidsløseproblemet, samtidig som ein freistar å halde inflasjonen i medlemslanda under kontroll. Noreg har også sterkt gått inn for å halde fast ved eit ope internasjonalt handels- og skipsfartssystem for å motverke proteksjonistiske tendensar.

OECD behandlar også saker som gjeld teknologi og forskning. For norske fagstyringsorgan er OECDs komité for vitenskaps- og teknologipolitikk det sentrale organet for internasjonalt samarbeid om utforming av forskingspolitikken. Det er aukande interesse for å studere dei verknader den teknologiske utviklinga har på samfunnet. I OECD deltok ein frå norsk side også i arbeidet med informasjons-, databehandlings- og kommunikasjonspolitikk.

Noregs engasjement i det europeiske teknologiske og vitenskaplege prosjektarbeidet mellom EF, EF-land og vest-europeiske land som ikkje er medlemmer av EF, er aukande.

Utanriksdepartementet har styrkt innsatsen til utanrikstenesta for å fremje eksporten, i nært samarbeid med Noregs eksportråd. Ein har særleg teke sikte på å styrkje opplæringa og arbeidet med kontaktskapande verksemd.

Noreg tek aktivt del i det internasjonale samarbeidet på energiområdet, som har som hovudføremål å medverke til auka energisparing og mindre oljeforbruk. Det gjeld både arbeidet innan FN for å følgje opp handlingsprogrammet frå FN-konferansen i 1982 om nye og fornybare energikjelder og verksemda

innan Det internasjonale energibyrådet (IEA). Noreg har dessutan teke del i drøftingane om energispørsmål i FNs økonomiske komité for Europa (ECE).

Noreg var aktivt med i arbeidet på den 11. sesjonen av FNs havrettskonferanse. På denne sesjonen vedtok konferansen ein ny konvensjon om folkeretten for havet. Konvensjonen har vedtak om m.a. breidda på sjøteritoriet, økonomisk sone, yttergrensene for kontinentalsokkelen, avgrensing av kontinentalsokkelen og økonomisk sone mellom nabostatar og skipinga av ein internasjonal organisasjon til å forvalte mineralressursane på havbotnen utanfor nasjonal jurisdiksjon. Vidare inneheld konvensjonen reglar for å løyse tvistar som måtte oppstå i samband med gjennomføringa av den.

Det blir ført forhandlingar med Danmark om delelinja for dei maritime sonene mellom Jan Mayen og Grønland.

Ei avtale mellom Noreg og Island om kontinentalsokkelen mellom Island og Jan Mayen vart underskriven 22. oktober 1981 og tok til å gjelde 2. juni 1982.

Ei avtale mellom Noreg og Belgia om utlevering av lovbrytarar vart underskriven 3. november 1981, med atterhald om ratifikasjon.

Noreg og Sovjetunionen er samde om ei nymerking av visse delar av den norsk-sovjetiske grensa. Som eit ledd i dette arbeidet vart det i juli 1982 utført ei omfattande felles synfaring av grensa.

Presse-, informasjons- og kulturarbeidet overfor utlandet er svært viktig på grunn av Noregs generelt utovervendte holdning i internasjonal samanheng. Denne verksemda er med å fremje og sikre politiske, økonomiske og andre viktige norske interesser.

Utanlandske pressegjestingar utgjer eit viktig ledd i informasjonsverksemda for å kaste lys over og klarleggje norske holdningar og synspunkt. I 1981 vart det arrangert om lag 300 slike gjestingar i Noreg. Informasjonsverksemda går for seg gjennom pressebyrådet NORINFORM, gjennom publikasjonar av ulike slag, filmar, utstillingar og gjestespel. Ordninga med lokale informasjonsbudsjett er vorten ført vidare for at utanriksstasjonane på best mogleg måte skal gjere seg nytte av tilgjengelege midlar og ressursar.

Kulturavtalene er viktige instrument i det internasjonale samarbeidet, og verksemda innanfor rammene av dei 26 avtalene Noreg har, har gått for seg som planlagt. Det kulturelle samarbeidet med Folkerepublikken Kina har halde fram med å auke.

For å motarbeide den aukande proteksjonismen i internasjonal handel, har regjeringa arbeidd for å styrkje det multilaterale handelssamarbeidet.

Det gode økonomiske samarbeidet med landa i Vest-Europa har vore ført vidare gjennom bilaterale kontaktar, nordisk samarbeid, EFTA og handelsavtala med EF.

Regjeringa har halde fram med arbeidet med å fremje norsk eksport. Det nordiske samarbeidet om prosjekteksport vart sett i verk 1. juli 1982.

Det nordiske samarbeidet er vorte ført vidare og styrkt. Frå norsk side er det teke initiativ for å få til ei liberalisering av kapitalrørsler mellom Noreg og Sverige, at andre nordiske land innfører automatisk rett til skipsregistrering i Norden, slik Noreg gjorde i vår, og for harmonisering av lover og reglar innanfor datateknologien. Arbeidet under den norsk-svenske avtalen om økonomisk samarbeid er kommen i gang.

Regjeringa har aktivt følgd opp arbeidet for å styrkje det økonomiske samarbeidet vårt med utviklingslanda gjennom tosidige avtaler om teknisk, økonomisk og industrielt samarbeid. Det er inngått ei ny samarbeidsavtale med Malaysia og avtaler med tre utviklingsland til blir førebudde.

Noreg er ikkje tilslutta GATTs multifiberavtale (MFA). Medan ein ventar på ei avklaring av forholdet mellom Noreg og MFA, er globalkvotesystemet for import av visse tekstil- og konfeksjonsvarer forlengd til og med første halvår 1983.

Det har vore lagt stor vekt på utviklinga av det tosidige handelssamkvemet med Sovjetunionen, andre austuropeiske land og Kina. Det petroleumstekniske samarbeidet med Sovjetunionen og Kina er utvida.

Skipsfarten har i aukande grad møtt proteksjonistiske tiltak rundt om i verda. Særleg gjeld dette utviklingsland, som ønskjer å byggje opp sin eigen handelsflåte. Regjeringa legg stor vekt på arbeidet med å sikre at norsk skipsfart framleis skal ha tilgjenge til marknaden.

Regjeringa har innført ei meir fleksibel praktisering av reglane for registrering av norske skip under framandt flagg, m.a. for å gjere det lettare for norske skip å komme inn på marknaden.

Frå hausten 1981 har regjeringa innfridd ei rekkje garantiar som var stilte av Norsk garantiinstitutt for skip og borefartøy A/S. Instituttet har no att eit garantiansvar på om lag 350 millionar kroner.

Noregs tryggingspolitikk byggjer som tildelgare på vår eigen nasjonale forsvarsinnsetning og på det politiske og militære samarbeidet i NATO.

Utviklinga i forsvaret har i hovudsak følgd dei langsiktige retningslinjene som Stortinget har fastsett og dei pliktene som NATO-medlemskapen fører med seg.

I samsvar med tidlegare vedtak i Stortinget har arbeidet med praktisk gjennomføring av avtala om alliert førehandslagring og forsterking av Noreg halde fram. I tillegg er det arbeidd med å førehandslagre utstyr for amerikanske flyforsterkingar til norske flyplassar.

Det er arbeidd vidare med eit opplegg for endringar i gjeldande befalsordning. Opplegget har i tidsrommet november 81 til juli 82 vorte drøfta med befalsorganisasjonane.

Føresegnene om arbeidstida i arbeidsmiljølova vart gjorde gjeldande seinhaustes 1981 for militære arbeidstakarar.

Utbygginga av Kystvakta er no på det næraste fullført etter dei planar og løyvingar som Stortinget har fastsett. Kystvaktstasjonen i Sortland vart sett i drift i september 1982.

I samsvar med programmet er halvparten av F-16 flya no mottekne og fordelte på to skvadronar som begge er operative.

Utviklinga av sjømålsraketten Penguin til disse flya går også stort sett etter programmet.

I Hæren går det mellom anna føre seg ei modernisering av eldre stridsvogner, og kjøp av kystartillerikanoner er for tida det viktigaste materiellprosjektet i Sjøforsvaret.

Noreg tek framleis del i FN-styrken i Libanon, og sender observatørar til etablerte FN-misjonar.

Innpassinga av kvinner i Forsvaret har halde fram i samsvar med dei retningslinene som er gjevne.

Kampen mot narkotikaproblema er intensivert også i denne perioden. Innan Regjeringa er det oppretta eit eige narkotikautval under leiing av justisministeren, som skal koordinere innsatsen.

For å gjere det lettare å få oversikt over og for å rydde opp i regelverket, er det sett i gang arbeidd med å opprette ein database over sentrale forskrifter.

Folkemengda var 4 120 000 pr. 1 oktober 1982, det vil seie 0,4 prosent større enn på same tid i fjor.

Gjennom dei to siste åra har arbeidsmarknaden vorte gradvis mindre stram. Den sesongkorrigerte registrerte arbeidsløysa har stige etter måten sterkt gjennom 1980, 1981 og første halvår av 1982, og var ved utgangen av august nesten det dobbelte av to år tidlegare. Samtidig har dei sesongkorrigerte tala for registrerte ledige plassar gått ned.

Etter førebels nasjonalrekneskapstal var det klart mindre vekst i den totale sysselsetjinga målt i årsverk, frå 29 000 i 1980 til 7 000 i 1981. Den regionale kvartalsvise sysselsetjingsstatistikken for bergverk, industri og byggje- og anleggsverksemd pr. første

kvartal 1982 viser nedgang i industrisysselsetjinga på vel 9 000 frå eit år tidlegare. I byggje- og anleggsverksemda var det i 1981 ein auke i sysselsetjinga på gjennomsnittleg 600, medan det frå første kvartal 1981 til første kvartal 1982 var ein nedgang på 500. Statistikkene frå Arbeidsdirektoratet over sysselsette ved oljeaktivitetane viste framleis auke frå august 1980 til august 1981. I tida januar–august 1982 vart det gjennomsnittleg registrert 37 100 arbeidslause (22 600 menn og 14 500 kvinner), det vil seie 2,2 prosent av arbeidsstyrken. Det var i denne perioden 8 900 fleire arbeidslause enn i den same perioden eitt år tidlegare.

Auken var etter måten litt sterkare for menn (32 prosent) enn for kvinner (30 prosent). Dei siste fire månadene (mai–august) har auken vore monaleg sterkare for menn enn for kvinner. For begge kjønn har auken vore sterkare blant vaksne enn blant ungdom under 20 år. Av dei heilt arbeidslause ved utgangen av kvar måned i perioden januar–august var gjennomsnittleg 5 400 (15 prosent av dei arbeidslause) permitterte, eller 2 400 fleire enn eitt år tidlegare. Forutan dei som var registrerte som heilt arbeidslause, arbeidde i tida januar–august i år gjennomsnittleg 6 500 med nedsett arbeidstid (i hovudsaka firedagars veke), mot 5 900 i same perioden 1981.

I tida januar–juli 1982 vart det registrert i alt 117 500 ledige plassar (ledige plassar ved nyttår pluss tilgang i perioden), mot 135 300 og 148 300 i same perioden 1981 og 1980. Ved utgangen av august vart det registrert 40 200 fleire arbeidslause enn ledige plassar. Ein merkar seg at det framleis er heller mange ledige plassar i industriarbeid, teknisk, vitenskapleg, humanistisk arbeid m.m. (vesentleg kvalifisert arbeidskraft) og servicearbeid. I dei sentrale strøka er det framleis ein viss mangel på arbeidskraft. Når det gjeld kvalifisert arbeidskraft, særleg innan byggje- og anleggsverksemd og verkstadindustrien, er det mangel i heile landet. Ein stor del av dei ledige plassane har kvalifikasjonskrav som ikkje lett kan dekkjast av dei registrerte arbeidslause.

I perioden januar–august 1982 var 27 300 personar råka av driftsinnskrenkingar, mot 14 200 i same perioden eitt år tidlegare. Det aller meste av auken fall på permisjonar, medan det var ein viss auke i talet på oppsagde personar og litt nedgang i talet på personar som fekk melding om nedsett arbeidstid.

Løyvingane til spesielle sysselsetjingstiltak tek dels sikte på å møte dei meir tradisjonelle problema ein heile tida står overfor på arbeidsmarknaden, og dels å møte dei meir eks-

traordinære forholda som er ei følge av konjunkturutviklinga og strukturendringane i næringslivet. Vidare har ein følgd opp framlegga i St.meld. nr. 14 for 1977–78 om sysselsetjingspolitikken. Dei sistnemnde framlegga gjeld spesielt tiltak for grupper som tradisjonelt har vanskar på arbeidsmarknaden.

Det er også for 1982 og 1983 utarbeidd ein beredskapsplan for arbeidsmarknadstiltak. På grunn av den sterke auken i tala for arbeids-lause dei siste månadene og dei mørke utsiktene for arbeidsmarknaden utover hausten og vinteren, har Regjeringa elles stilt til disposisjon ei tilleggsøyving til beredskapsøyvinga.

Målet med beredskapsplanen er:

- å halde oppe ei høg sysselsetjing
- å hjelpe arbeidslause arbeidstakarar til raskt å komme over i nytt, stabilt arbeid
- å hjelpe til å lette omstillinga og fornyinga, som framleis må gjennomførast i store delar av næringslivet, og til at arbeidsmarknaden skal fungere betre
- å kunne setje i verk utvida tiltak for grupper av arbeidstakarar og arbeidssøklarar som meir allment har vanskar med å finne høveleg arbeid, og som i ein situasjon med større vanskar på arbeidsmarknaden får auka problem.

Til dei ulike tiltak (sysselsetjings-, opplærings- og attføringstiltak m.m.) er det for budsjettåret 1982 løyvt i alt 1 417 millionar kroner på dei ordinære budsjetta (stats- og trygdebudsjettet) og på beredskapsbudsjettet, mot 1 149 millionar i 1981.

For 1982 er det løyvt 1 000 millionar kroner (overslagsøyving) til dagpengar for arbeidslause. Av desse er det brukt 507 millionar i første halvår. I 1981 vart det brukt 903 millionar kroner til slik stønad.

Sysselsetjinga ved dei ulike arbeidsmarknadstiltaka var i første og andre kvartal 1982 gjennomsnittleg 19 100 og 14 800 personar, mot 19 800 og 15 800 eitt år tidlegare. I juli var det sysselsett 8 400 personar ved tiltaka, mot 9 800 i juli 1981.

Av dei 36 200 som gjennomsnittleg var heilt arbeidslause i perioden januar–juni 1982, fekk 25 500 (70 prosent) utbetalt dagpengar.

Det er framleis stans i å ferde ut førstegongs arbeidsløyve for utlendingar. Pr. 1. juli 1982 var 88 100 utanlandske statsborgarar busette i Noreg. Det er vel 4 500 fleire enn pr. 1. april 1981.

Førebels oppgåver over varebyttet med utlandet viser at verdien av innførsla (utanom skip) i dei sju første månadene av 1982 var 52,7 milliardar kroner, eller 5,6 milliardar kroner meir enn i same tidsrommet i fjor. Verdien av utførsla (medrekna nye skip) var 61,4 milliardar kroner, eller om lag 2,7 milliardar

større enn i januar–juli 1981. Av utførsla i dei første sju månadene i år utgjorde råolje og gass 17,5 milliardar kroner og 12,5 milliardar kroner, mot 19,2 og 9,6 milliardar kroner i same perioden i fjor.

Utanom skip auka innførsla med 10,1 prosent i volum, samstundes som utførslevolumet minka med 3,7 prosent frå april–juni i fjor til same tidsrommet i år. Utanom skip, oljeplattformer, råolje og gass gjekk utførslevolumet ned med 3,6 prosent. Prisane på dei innførte varene (utanom skip) auka i det andre kvartalet med 1,3 prosent. For utførte varer (utanom skip) gjekk prisane opp med 3,4 prosent.

Det var i første halvår 1982 eit overskott på driftsrekneskapen med utlandet på 3 405 millionar kroner mot 9 260 millionar kroner i første halvår 1981. Forverringa i driftsrekneskapen heng saman med ein auke i innførsla av «tradisjonelle» varer på vel 3 600 millionar kroner, ein auke i innførsla av skip og oljeplattformer på om lag 2 700 millionar kroner og ein nedgang i nettoeksporten av tenester i alt på vel 1 550 millionar kroner. Utførsla av varer i alt gjekk opp med om lag 3 400 millionar kroner. For renter og stønader var det eit underskott på 8 195 millionar kroner i første halvår 1982 mot 6 895 millionar kroner i same perioden i 1981. Overskottet på driftsrekneskapen i første halvår 1982 vart motsvart av ein netto utgang av langsiktig kapital på 2 585 millionar kroner og ein netto utgang av kortsiktig kapital på 820 millionar kroner.

For jordbruket var veksttilhøva sommaren 1982 vekslende. I Sør-Noreg vart planteveksten redusert på grunn av tørke. I Trøndelag og Nord-Noreg var vêret prega av låg temperatur og store nedbørsmengder, som har seinka veksten. For landet under eitt reknar ein med avlingar under eit normalår.

I hagebruket vil avlingane bli om lag som i eit normalår.

Vidare reknar ein med 4 prosent større mjølkeproduksjon og ein auke i tilgangen av slakt i høve til 1981. Det er no ein monaleg overproduksjon av mjølk og kjøt.

Talet på bruk i drift går framleis attende.

I skogbruket vart det avverka 9,5 millionar m³ tømmer og ved til sal i driftsåret 1980–81. Førebels tal syner at avverkinga for 1981–82 ligg om lag 1,2 millionar m³ lågare.

Utbyttet av fisket var i første halvår 1,3 millionar tonn (rund vekt), mot 1,5 millionar tonn i første halvår 1981. Førstehandsverdien i første halvår var om lag 1 980 millionar kroner, som er om lag 150 millionar kroner mindre enn i same tidsrommet i fjor. Av torsk er det teke om lag 15 000 tonn meir og av

lodde om lag 250 000 tonn mindre enn i første halvår 1981. Av industrifisk er det teke om lag 50 000 tonn meir enn til same tid i fjor. Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt gjekk ned frå 2 750 millionar kroner i første halvår 1981 til 2 680 millionar kroner i første halvår 1982.

I oljeutvinning, bergverksdrift, industri og kraftforsyning var det ein produksjonsnedgang på 1 prosent i dei sju første månadene i 1982 i høve til same perioden i 1981. Næringane oljeutvinning og bergverksdrift og industri synta alle 1 prosent nedgang i høve til same perioden året før. Kraftforsyninga auka med 2 prosent i høve til same perioden året før.

Samanlikna med dei sju første månadene i 1981 var det ein produksjonsnedgang på 1 prosent i kvar av dei utekonkurrerende, heimekonkurrerende og skjerma næringane.

I første halvår 1982 var produksjonen av olje og gass 25,7 millionar tonn oljeekvivalentar. Det er ein auke på 0,1 millionar tonn oljeekvivalentar i høve til same perioden i fjor.

Det totale salet av petroleumsprodukt var i 1981 8 309 millionar liter, ein nedgang på 8,4 prosent frå 1980. I dei sju første månadene i 1982 var totalsalet 4 524 millionar liter, som er ein nedgang på 3,6 prosent i høve til same tidsrommet i 1981.

Produksjonen av elektrisk kraft i 1981 var 92,8 milliardar kWh. I dei sju første månadene av 1982 var produksjonen om lag 53,6 milliardar kWh mot 52,6 milliardar kWh i same tidsrommet i fjor, ein auke på 2,0 prosent.

Totalt bruttoforbruk av elektrisk kraft har i første halvår 1982 auka med 1,0 prosent i høve til første halvår 1981. Auken i den tilsvarende perioden for det temperaturkorrigerte forbruket av kraft til vanleg forsyning har vore om lag 5 prosent.

Ser ein på tolv månadersperioden juli 1981 t.o.m. juni 1982 var forbruket av kraft 88,0 milliardar kilowatt-timar, ein auke på 4,1 prosent i høve til same perioden året før. (Desse tala er ikkje temperaturkorrigerte.)

Magasinfyllinga var 22. august i år 77,8 prosent. På same tid i fjor var magasinfyllinga 91,7 prosent.

Byggjeverksemda har vore større i år enn i fjor. Ved månadsskiftet juli–august var areal i arbeid 3,9 prosent større enn året før. Areal som vart sett i arbeid i januar–juli var 6,3 prosent større, og areal som vart teke i bruk var 11,4 prosent større enn i den same perioden 1981.

I dei sju første månadene av 1982 vart det sett i arbeid 18 951 og fullført 19 770 bustader. Pr. 31. juli var det 34 260 bustader i arbeid. Samanlikna med 1981 var det ein nedgang på

0,6 prosent for bustader som vart sette i arbeid, medan det var ein auke på 4,5 prosent for fullførte bustader og 0,3 prosent for bustader i arbeid.

For andre bygg enn bustader og bygg for jordbruk, skogbruk og fiske har det for dei sju første månadene vore ein auke på 22,0 prosent for igangsett areal 27,5 prosent for fullført areal og 7,4 prosent for areal i arbeid. På grunn av ingeniørstreiken i enkelte kommunar i juni og juli er tala venteleg noko lågare enn dei elles ville ha vore.

Handelsflåten minka med 514 000 bruttotonn i første halvår og var på 21,2 millionar bruttotonn ved utgangen av juni. Tanktonna minka i første halvår med 343 000 bruttotonn.

Ved utgangen av første kvartal 1982 var det ved utanlandske verkstader skip under bygging eller tinga for norsk rekning på til saman 2,1 millionar bruttotonn. Dette var ein nedgang på 0,3 millionar bruttotonn frå same tid i fjor. Ved norske verkstader var det for norsk rekning under bygging eller tinga skip på til saman 0,4 millionar bruttotonn. Det var noko mindre enn på same tid i fjor.

For tørrelastskipa gjekk fraktratane ned i 1981 og har falle vidare i 1982.

For tankskipa òg gjekk fraktratane ned i 1981, men dei har vore tilnærma konstante i 1982. Ratane for tankskip er no dårlege. Dette gjeld særleg dei store tankskipa.

Dei dårlege ratane for store tankskip har ført til ein auke av skip i opplag. Ved utgangen av juli låg 58 skip på til saman 5,1 millionar bruttotonn i opplag. Dette er 23,9 prosent av handelsflåten, mot eit opplag på 13,0 prosent ved utgangen av juli i fjor.

Sommaren 1982 var det 29 norskregistrerte plattformer og boreskip. Leigeinntektene i 1981 og 1982 har vore gode.

Åra 1979 og 1980 markerte ein bølgedal når det gjeld det samla omfanget av reiser innanlands.

Desse åra representerer eit første brott på ein samanhengande, men noko ujamn vekst i persontransporten.

1981-nivået ligg likevel over det høge nivået vi hadde i 1978. Det kjem i hovudsak av vekst for jernbanen og rutebilane, men også til ein viss grad av veksten i flytrafikken ved sida av at personbiltransporten omtrent var tilbake på 1978-nivå. Den delen som dei kollektive transportmidla har av den innanlandske persontransporten for åra 1979–81, er om lag 25 prosent. Dette er ein høgare del enn vi hadde i perioden før.

Den innanlandske godstransporten har gått ned med om lag 3 prosent frå 1980 til 1981. Det meste av nedgangen kjem av reduserte

transportar med skip utanfor rute og med lastebilar. Men også for jernbanen har det vore ein svak nedgang i godstransporten i 1981.

Det offentlege vegnettet var ved utgangen av 1981 på i alt 82 479 km, ein auke på 762 km frå året før. Av riksvegnettet har 89,1 prosent fast dekke. Totalt har 58,4 prosent av det offentlege vegnettet fast dekke. Av riksvegnettet er 99,8 prosent tillate for 8 tonns akseltrykk og 23,7 prosent for 10 tonns akseltrykk.

I alt vart 214 nye eller ombygde riksvegruener ferdige og opna for trafikk i 1981. Av større bruanelegg kan nemnast Ågrebrua i Aust-Agder, Fosselandbrua i Vest-Agder, brua over Gimsøystraumen, som bind saman Austvågøy og Gimsøy, og brusambandet i Hamnøy-Reine, begge i Lofoten. I Nord-Trøndelag vart brua over Nærøysundet opna for trafikk. Det er ei 701 meter lang hengjebra med eit fritt spenn på 325 meter, som er det femte lengste i landet.

Høyanger-tunnelen i Sogn og Fjordane, som er lengste vegtunnelen i landet, er opna for trafikk.

I 1981 fekk vi gjennomslaget i den 2,6 km lange Vardø-tunnelen. Dette er den første undersjøiske trafikktunnelen i Noreg.

Pr. 1. januar 1982 var det 862 kilometer med gang- og sykkelveggar i samband med riksveg, ein auke på 142 kilometer frå året før.

Ved utgangen av 1981 var talet på registrerte kjøretøy om lag 2,1 millionar, ein auke på 4,8 prosent frå året før.

Teljingar viser at biltrafikken gjekk ned med om lag 1 prosent frå 1979 til 1980. Trafikken i 1981 var noko høgare, og viste utover året ein svakt stigande tendens.

Nedgangen i trafikkkulykker heldt fram i 1981. Talet på drepne i 1981 var 334 mot 362 i 1980. Talet på drepne i trafikken var i 1981 40 prosent lågare enn i 1970, eller på same nivå som for 20 år sidan då bilparken var $\frac{1}{3}$ av i dag. I internasjonal samanheng ligg Noreg godt an med omsyn til trafikksikkerheit.

Den samla rutelengda i ferjesambanda pr. 31. desember 1981 var på 2 426 kilometer, fordelt på 169 samband. Det vart frakta om lag 0,3 prosent fleire bilar og 0,8 prosent færre personar i 1981 enn året før.

Sjøtransporten er den viktigaste transportmåten for frakting av gods over lange avstandar. Av den totale innanlandske godstransporten går no om lag 57 prosent med båt. Om lag 88 prosent av dette igjen er transport utanfor rute.

Persontransporten på jernbanen auka med 1,3 prosent i 1981 til 2 425 millionar personkilometer. Den innanlandske trafikken steig med 1,7 prosent, medan samtrafikken med utlandet gjekk noko ned.

Godstransporten på jernbanen utanom malmtransporten på Ofotbanen utgjorde i alt 2 196 millionar tonnkilometer, som er ein nedgang på 1,4 prosent frå 1980. Malmtransporten på Ofotbanen var i 1981 nede i 15,7 millionar tonn, ein nedgang på 20 prosent frå 1980.

Kapasiteten på dei norske innanlandske flyrutene auka i 1981 med 0,9 prosent. Talet på passasjerar over norske lufthamner auka med 3,4 prosent frå året før.

Telefontettleiken var ved utgangen av 1981 48,5 telefonapparat pr. 100 innbyggjarar. Tilsvarende tal for året før var 45,2. Av telefonapparata var ved utgangen av 1981 98,4 prosent knytte til automatiske telefonsentralar, mot 96,8 prosent ved utgangen av 1980. Talet på telefonapparat auka med 140 144 i 1981. For andre året på rad vart ventelistene reduserte.

Det var i 1981 ein auke i alle trafikkgreiner i Televerket, bortsett frå telegramtrafikken som minkar frå år til år.

Frå 1. januar 1981 har Televerket innført ei ny teleteneste – Telefax. Denne tenesta gjer det mogleg å fjernsende dokument, teikningar o.l. over telefonnettet.

I 1981 innførte Televerket ei ny særteneste for telefon- og teleksabonnentar under namnet Fonoteleks. Den gjer det mogleg å sende meldingar mellom telefon- og teleksabonnentar i inn- og utland.

Den totale postmengda som Postverket tok seg av i 1981 er rekna til 1 493 millionar sendingar. Dette er ein auke på 8,5 prosent frå året før. 69,3 prosent av dette er brevpost.

Talet på faste poststader er gått ned med 1 prosent i 1981 til 2 836.

Ved å utvide landpostrutenettet har ein kunna tilby posttenester til dei postkundane som sokna til dei nedlagde poststadene.

Konsumprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadene 11,3 prosent høgare enn i den tilsvarende perioden i fjor. Frå januar til augaust steig indeksen med 5,7 prosent.

Engrosprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadene 6,2 prosent høgare enn i den tilsvarende perioden året før, og produsentprisindeksen 7,7 prosent høgare.

Detaljomsætnaden auka med 11,7 prosent i verdi dei sju første månadene i 1982 i høve til same perioden året før.

Ved utforminga av finanspolitikken for 1982 er det lagt opp til ein mindre auke enn før i statsutgiftene. Frå første halvår 1981 til første halvår 1982 steig driftsutgiftene i staten og utgiftene til investeringar med 11,5 prosent, medan overføringane auka med 10,3 prosent.

Dei samla utgiftene i staten medrekna lånetransaksjonar var 58,6 milliardar kroner i første halvår 1982. I same tidsrommet utgjorde dei samla utgiftene i trygdesektoren om lag 24,6 milliardar kroner. Samla overskott før lånetransaksjonar på stats- og trygdebudsjettet var i første halvår 1982 om lag 4,9 milliardar kroner, eller 600 millionar kroner mindre enn i tilsvarende tidsrom året før.

Det er gjennomført ei rekkje kredittpolitiske tiltak det siste året. Som eit ledd i styringa av obligasjonsmarknaden vart renta på statsobligasjonar sett opp med 1 prosent-eining i januar 1982. Renta på 10-årig obligasjonslån i staten er etter dette 13 prosent p.a. I juni vart renta på statskassevekslar sett opp med 0,75 prosenteningar til 11,25 prosent p.a.

Finansministeren har i år lagt fram to erklæringer om renta på utlån i forretnings- og sparebankar og livstrygdela.

I mars 1982 la Finansdepartementet fram nye forskrifter for obligasjonsmarknaden.

I mars tok ein i bruk § 8 i kredittlova om tilleggsreservekrav overfor sparebankane for å få betre kontroll over utlansveksten i denne bankgruppa. Samstundes vart § 8-reguleringa av utlån frå bankane til lønnsstakarar og sjølvstendig næringsdrivande oppheva.

I januar la staten ut eit eige indeksregulert spareobligasjonslån, Verdi-Spar 82, med sikte på å auke den private frivillige finansielle sparinga og hjelpe til å dempe veksten i det private forbruket. Salet av slike obligasjonar vil også redusere innskottsveksten i bankane og dermed gjere sitt til å lette gjennomføringa av det kredittpolitiske opplegget. Eit nytt lån vart lagt ut i mai. Til saman vart det selt slike obligasjonar for om lag 2 000 millionar kroner.

Veksten i den kommunale og fylkeskommunale aktiviteten gjennom dei siste åra har vore noko større enn Regjeringa på førehand hadde lagt til grunn i budsjettopplegget sitt.

Dette heng dels saman med at inntektene har auka meir enn før, dels at den kommunale og fylkeskommunale opplåninga har vore etter måten stor. Stortinget har gjort ein del vedtak om tilleggsøyvingar, også i det året som gjekk. I 1981 vart dessutan særleg skatteinntektene vesentleg høgare enn ein hadde venta.

Veksten i den kommunale og fylkeskommunale aktiviteten er likevel dempa. Inntektsveksten fordeler seg ujamnt, og det er framleis skilnader i den økonomiske evna til å opparbeide eller halde oppe ei tilfredsstillande kommunal og fylkeskommunal tenesteyting. For mange kommunar og fylkeskommunar har det vore naudsynt å setje seg i stor gjeld for å få gjennomført naudsynte og høgt prioriterte tiltak.

Medan det såleis har meldt seg vanskar i ein del enkeltkommunar og fylkeskommunar, er det generelle biletet at situasjonen i 1981 og første halvdel av 1982 vart noko lettare, og at det no er rimeleg god balanse i den kommunale og fylkeskommunale økonomien sett under eitt.

Distriktsutbyggingsfondet gav i 1981 tilsegn om lån med 665,5 millionar kroner, tilsegn om garantiar for lån med 250,1 millionar kroner og tilsegn om investeringstilskott med i alt 399,9 millionar kroner. Vidare vart det gjeve tilsegn om 63,1 millionar kroner i tilskott til flytting, opplæring, undersøkingar og planlegging. Av dei samla tilsegnene frå fondet på 1 378,6 millionar kroner i 1981 gjekk 34,4 prosent til Nord-Noreg.

I 1981 vart det frå kap. 575, Tilskott til kommunale grunnlagsinvesteringar, gjeve tilsegn om tilskott på i alt 193,8 millionar kroner. Dette fordelte seg slik på dei einskilde postane:

Kommunale grunnlagsinvesteringar	141,8 millionar kroner
Vassverk	45,0 millionar kroner
Kaier	7,0 millionar kroner

For første halvår 1982 er dei tilsvarende tala 103,6 millionar kroner, 30,6 millionar kroner og 4,1 millionar kroner.

Selskapet for industrivekstanlegg (SIVA) har 14 anlegg. SIVA har dessuten teke del i planlegging og utbygging av andre utleige- og industriprosjekt. I alt hadde selskapet pr. 1 juli 1982 bygd ut om lag 195 000 m² industrilokale. I alt var 3 545 personar sysselsette i desse lokala pr. 1. juli i år.

Under ordning med regional transportstønad vart det i 1981 utbetalt 108,1 millionar kroner. I første halvår 1982 er det utbetalt om lag 67,5 millionar kroner.

Arbeidet med å redusere sur nedbør og verknadene av den, har halde fram i perioden. Ein har oppnådd større internasjonal forståing for problemet, og komme nærare ei internasjonal løysing.

1. september 1982 vart det skipa miljøvern-avdelingar ved alle fylkesmannsembeta, som vil styrkje den lokale forvaltninga av naturressursane. Arbeidsoppgåvene til avdelingane femner om ureiningsaker, kart- og datasaker, naturvern, friluftsliv og vilt- og fiskestell.

Stortinget har oppheva lova om lokal og regional planlegging av 1981.

Det er gjennomført seks fredingsaker etter kulturminnelova og to mellombels fredingar.

Arbeidet med forsøk i nærmiljøet er komme i gang under leiing av Statens nærmiljøutval.

Nær 80 prosent av oppryddingsprogrammet for ureining frå eldre industri er no gjennom-

ført. Ein har oppnådd å redusere utsleppa av stoff som ureinar, monaleg.

Den første rapporten om overvaking av vass- og luftkvaliteten viser m.a. gode resultat når det gjeld Mjøsa-aksjonen, men små betringar i andre vassdrag.

Det kommunale reinseanlegget for Oslo, Asker og Bærum kommunar, som er det største i landet, er sett i drift.

Pantesystemet for bilvrak vart meir effektivt i 1981. 85 prosent av alle utrangerte person- og varebilar vart leverte til oppsamlingsplassane, mot 70 prosent i 1980.

Lov om viltet tok til å gjelde 2. april 1982. Lova byggjer på at verne- og jaktinteressene er vegne mot kvarandre, og legg opp til ei fleksibel forvaltning der ein tek meir omsyn til lokale tilhøve.

Det er sikra 55 område for friluftsliv i ulike delar av landet.

Det er send eit rundskriv til kommunane om praktisering av strandplanlova og vedtekter til § 82 i bygningslova, for å få ein meir liberal hyttepolitikk.

Det er sett i gang eit program for å få betre utgreiingar av følgjene av utbygging i samband med konsesjonsbehandling av vassdrag.

I perioden er det oppretta 79 reservat, 2 landskapsvernområde, 6 fuglefredingsområde og 1 plantefredingsområde.

Pensjonane i folketrygda vart auka 1. mai 1982. Eit forskott på reguleringa i mai vart gjeve frå 1. oktober 1981, då grunnbeløpet vart sett opp med 500 kroner. Grunnbeløpet er no 21 200 kroner. Samstundes med reguleringa 1. mai vart satsen for særtillegg høgda med 1 prosentteining.

Pensjonane frå pensjonstrygda for sjømenn til pensjonistar under 67 år, og krigsfartstillegget, er også auka frå 1. oktober 1981 og 1. mai 1982, i takt med høgdinga av grunnbeløpet i folketrygda.

Stønadsattsane i barnetrygda er auka frå 1. januar 1982.

Frå 1. januar 1982 gjev folketrygda rett til kontantstønad ved adopsjon det første året barnet lever, unnateke ved adopsjon av stebarn.

Dei som er under 18 år og som må ha særleg tilsyn og stell for å kunne bli buande heime, får hjelpestønad etter høgda satsar. Stønadsretten har tidlegare vore knytt til faktiske utgifter eller tap av arbeidsinntekt. Frå 1. april 1982 blir den høgda hjelpestønnen gjeven ut frå det faktiske meirarbeidet pleia fører med seg, og endringa fjernar den forskjellsbehandlinga omsorgspersonar tidlegare kunne oppleve.

Den førebels ordninga med refusjon til arbeidsgjevaren for utbetalte sjukepengar for

11.–14. sjukedag vart oppheva frå 1. januar 1982. Dette er ei forenkling som fører til mindre administrativt arbeid for trygdeadministrasjonen og arbeidsgjevarane.

Visse eigendelar innan helsetenesta er auka, og pensjonistar som er på institusjon, får no ha fulle pensjonsytningar i ein måned mot tidlegare tre månader.

Ved utgangen av 1980 var 9 684 barn og unge under vernetiltak av barnevernsnemndene (8 832 i 1979). Av desse vart 3 530 «nye» vernetiltak sette i verk i 1980 (2 646 i 1979).

Nye førebyggjande tiltak	2 375 (totalt 5 583)
Fosterheimsplasseringar	452 (totalt 3 037)
Barneheimsplasseringar	310 (totalt 705)

I 1982 er det løyvt eit rammetilskott på 41 millionar kroner til delfinansiering av barnevernsinstitusjonane. I tillegg er det løyvt 16 millionar kroner til oppsøkjande verksemd.

Sosialkontora ytte sosialhjelp i vel 63 000 tilfelle i 1980. Dette er godt 6 000 fleire tilfelle enn året før. I gjennomsnitt var det 16 stønadstilfelle pr. 1 000 innbyggjarar mot 14 året før. Det er i 1982 løyvt til saman 158 millionar kroner til sosial administrasjon og sosial stønad i kommunane (medrekna 8 millionar kroner til etablering og drift av krisesentra og krisetelefonar for mishandla kvinner).

I 1980 var det i alt vel 29 000 som vart innlagde i alkoholinstitusjonar, og av desse om lag 17 700 i avrusingsstasjonar. Om lag 19 000 vart melde til edruskapsnemndene, og av desse var rundt 1 900 kvinner.

Nærare 145 000 heimar fekk hjelp gjennom hjelpeordningane for heimane i 1980 mot om lag 140 000 i 1979. Det er for 1982 løyvt 520 millionar kroner til hjelpeordningane. Dessutan er det løyvt eit rammetilskott på 155 millionar kroner til tiltak for eldre og uføre (som i 1981).

Det er sett i gang arbeid med ein holdningskampanje mot narkotika, og det blir no utarbeidd fylkesvise planar for å styrkje tiltaka mot narkotikamisbruk.

Ein har gått gjennom dei planane som ligg føre for utbygging av sjukehus, og Regjeringa har fastlagt ein redusert utbyggingsplan i samsvar med dei økonomiske midlane som står til rådvelde.

Sosialdepartementet har utarbeidd retningslinjer for pasientar ved somatiske sjukeheimar med sikte på å styrkje rettstryggleiken for pasientane.

Tannhelsa hos barn og ungdom er under kontroll og rimeleg god. Det oppsøkjande tannhelsetilbodet innanfor den offentlege tannhelsetenesta er under utbygging.

Det norske Flyktningeråd – innanlandsarbeidet – vart 1. juli 1982 omgjort til Statens flyktningsekretariat. Sosialdepartementet og

1982. 2. okt. – Åpning av det 127. ordentlige Storting

Norske Kommuners Sentralforbund har drege opp retninglinjer for samarbeid, fordeling av ansvar og økonomiske overføringer mellom statlege og kommunale styresmakter i samband med flyktningarbeidet.

I 1981 tok Noreg imot 761 flyktningar, og av desse var 650 søraustasiatar og 88 latinamerikanarar. I 1982 vil inntaket bli i overkant av 1 000 personar, og av desse er det om lag 700 søraustasiatar, om lag 50 latinamerikanarar og rundt 240 polakkar.

Dei nye reglane i likestillingslova om representasjon av begge kjønn i alle offentlege utval m.m. tok til å gjelde 1. januar 1982. Departementet arbeider vidare med å følgje opp handlingsplanen for likestilling, som vart vedteken av Stortinget 4. juni 1981. Handlingsplanen inneber auka innsats for å betre stillinga for kvinnene i arbeidsliv og utdanning på fleire ulike måtar, og økonomisk stønad til kvinnesaksarbeidet i private organisasjonar.

Ein arbeider med spørsmål om at folk i større grad skal få høve til å velje arbeidstid. Dette vil særskilt vere viktig for arbeidstakarar med familieplikter, som då på visse vilkår vil få høve til å arbeide med redusert arbeidstid.

Noreg har, som eitt av dei første landa, ratifisert ILO-konvensjon nr. 156 om arbeidstakarar med familieplikter.

Det er gjeve økonomisk stønad til forskning, forsøk og opplysningsverksemd på område som gjeld levekåra for familiar, oppvekstkår for barn, tilhøva for kvinner og likestilling mellom kjønna.

Vi har i dag vel 85 000 godkjende barnehegeplassar og 3 500 godkjende plassar i fritidsheimar.

I 1982 vart det innført ei ny tilskottsordning til lokale tiltak for barn og unge. Det har vore positive reaksjonar frå kommunane om stønad til lokale barne- og ungdomstiltak, fritidsklubbar og storbytiltak. Om lag 20 millionar kroner er fordelte på dei ulike formåla. I år er det opna nær 70 nye ungdomsklubbar. Forsøks- og utviklingsarbeidet for å betre oppvekstkåra for barn i kommunane er ført vidare. Det er sett i gang arbeid med ei utgreiing om oppvekstkåra for samiske barn.

Produktivitetkampanjen er kommen godt i gang også i den offentlege sektoren. Ein ventar at ei rekkje tiltak på ulike felt skal gje innsparingar for det offentlege. Regjeringa har på fleire punkt styrkt arbeidet med regelreformer, m.a. med sikte på forenkling, mindre byråkrati og mindre regulering.

Ein kritisk gjennomgang og sanering av statlege utval, styre og råd finn for tida stad.

Ved kongeleg resolusjon av 9. juli 1982 er det fastsett retningslinjer for sal av festetom-

ter som tilhøyrrer staten. Hovudregelen i retningslinjene er at bustad- og hyttetomter kan seljast til festaren. Retninglinjene vil gje eins praksis i heile staten på dette feltet. Ein vil dessutan oppnå innsparingar innan statsadministrasjonen etter kvart som talet på feste-kontraktar blir redusert gjennom sal.

Pristoppforskriftene av 14. august 1981 vart oppheva med verknad frå 1. januar 1982. Prisstyresmaktene skal først og fremst hjelpe til å fremja ei fri tilpassing til marknaden, særleg ved tiltak som tek sikte på å motverke konkurransereguleringar i næringslivet. Frå 1. januar 1982 gjeld forskrifter om meldeplikt for pris- og avanseaukingar av 17. desember 1981.

Frå 1. juli 1982 er prisreguleringa for inn-skottsleiligheter i frittstående burettslag og bustadaksjeselskap oppheva. For burettslag knytte til bustadbyggjelag, gjeld nye prisforskrifter frå 1. september 1982.

Dei samla offentlege utgiftene til skoleverket, vaksenopplæringa og til kyrkjelege føremål er i 1982 om lag 17 milliardar kroner.

I kyrkja er det no 1 078 prestestillingar og 64 kateketstillinger. Feltprestestillingane og fengsels- og sjukehusprestestillingane er her ikkje rekna med. Det er etter måten få søkjarar til ledige kateketstillinger, medan tilgangen på søkjarar til ledige prestestillingar er betre enn tidlegare.

Arbeidet med gjennomføring av ymse tiltak i høve stortingsmeldinga om stat og kyrkje er i gang.

I skoleverket var det i skoleåret 1981–82 i alt om lag 724 000 elevar, av desse om lag 572 000 elevar i grunnskolen og 152 000 elevar i den vidaregåande skolen. For grunnskolen gjekk elevtalet ned med 9 200 samanlikna med året før.

Stadig fleire funksjonshemma elevar får no opplæring i den vanlege skolen. I skolane for spesialundervisning og ved sosiale og medisinske institusjonar går talet på elevar i alderen 7–16 år framleis ned.

Stimuleringstiltaka for å betre lærarsituasjonen i Nord-Noreg har hatt god verknad i Nordland og Troms. For Finnmark synest situasjonen å vere om lag som tidlegare.

I den vidaregåande skolen aukar søkjartalet av di ungdomskulla blir større og av di fleire søker skolegang for skuld vanskar med å få arbeid. Også hausten 1982 har det derfor vore naudsynt å setje i verk spesielle tiltak for å skaffe plass til fleire elevar. Fylkeskommunane hadde budsjettert med om lag 1 000 nye elevplassar. Ved særtiltak er det skipa 277 klassar med om lag 4 500 elevplassar.

Lov om fagopplæring i arbeidslivet vart sett i kraft frå 1. januar 1981, medan vilkåret om skolerett for lærlingane tok til å gjelde 1. juli

1982. Etter initiativ og med tilskott frå departementet har ein ved ymse informasjonstiltak gjort lova betre kjend mellom verksemder, elevar og foreldre.

Dei fylkeskommunale yrkesopplæringsnemndene er no komne i gang i alle fylke, og innanfor ei rekkje fag og fagområde er det skipa særskilde opplæringsråd.

Tilskotta til verksemder som tek inn lærlingar, vart auka i 1982. For kommunar som kjem inn under Nord-Noreg-planen, er satsane høgare enn i landet elles.

41 opplysningsorganisasjonar har no allmenn rett til statstilskott.

Det er lagt vekt på å byggje ut førstegongsutdanninga for vaksne i skoleverket. Særleg har det vore arbeidd med å betre tilboda til funksjonshemma og andre grupper som står svakt.

Eit samarbeid med hovudorganisasjonane i arbeidslivet er i gang for å utvikle nye fagplanar i yrkesopplæringa for vaksne. Dette har samanheng med omstillinga i industrien, og dei krav denne stiller til fagopplæringa. Siktemålet er å gje kursdeltakarane full fagopplæring.

88 folkehøgskolar hadde eit samla elevtal på om lag 7 700.

Utgiftene til høgara utdanning og kulturformål på statsbudsjettet er i 1982 om lag 6 milliardar kroner.

Talet på studentar i høgare utdanning er i undervisningsåret 1981–82 om lag 85 700. Av desse vil om lag 4 400 studere i utlandet.

Ved dei regionale høgskolane er det i haust om lag 35 000 studentar. Der er då rekna med dei institusjonane som gjev utdanning på høgskolenivå av helsepersonell, som i haust hadde vel 8 000 studentar. Det er om lag 12 500 studentar ved dei pedagogiske høgskolane, 6 500 ved distriktshøgskolane og 5 400 ved ingeniørskolane.

Det er no i gang 14 institusjonar som gjev distriktshøgskoleutdanning, etter at staten tok over Trondheim økonomiske høgskole frå fylkeskommunen i år. Den fylkeskommunale ergoterapihøgskolen i Trondheim er òg teken over av staten. I Troms er det tilsett personale til å førebu utdanning av vernepleiarar i Harstad. Det er sett i gang byggjearbeid ved Høgskolen i Alta og Nesna lærarhøgskole.

Ved universiteta og dei andre høgskolane er det i haust om lag 40 000 studentar. Med verknad frå og med studieåret 1982–83 er opptaket av nye studentar i odontologi ved universiteta i Bergen og Oslo redusert med 15 prosent i høve til tidlegare år. Dei teknologiske studia ved universitet og høgskolar er gjevne høgaste prioritet og søknaden er stor frå studentane.

I undervisningsåret 1982–83 er norma for studiestønad til elevar og studentar 2 900 kroner månaden, grunnstipendet er då rekna med. Bortebuarstipendet er auka med om lag 12,7 til 5 500 kroner i 1982–83.

Det er i år fordelt 26 millionar kroner til bygging av studentbustader. Summen vil gje om lag 435 nye hybeleiningar. I 1982 er det dessutan gjeve ei omfram støtte til studentbustader på 5 millionar kroner. Løyvinga reduserar husleiga med om lag 50 kroner kvar månad for dei bueingane som har dei største bukostnadene.

Det er for 1982 fordelt om lag 25 millionar kroner til sosiale og kulturelle tiltak blant elevar og studentar.

I 1982 vil om lag 435 kunstnarar nyte godt av ordninga med garantiinntekt. Det blir gjeve stipend til 639 kunstnarar. Av desse er m.a. 125 arbeidsstipend og 201 stipend til eldre fortente kunstnarar. 11 kunstnarar har livsvarige kunstnarløner. Til saman vil om lag 1 075 kunstnarar nyte godt av stønadsordningane.

Det er 27 kunstorganisasjonar som har rett til å tinge med staten om vederlag for bruk av kunst m.m. Hittil er det gjort ni avtaler om ulike vederlag o.a. Forhandlingar om nye avtaler og revisjon av dei eksisterande held fram.

I 1982 er det oppretta åtte nye muskarstillingar ved dei fire symfoniorkestra som får statsstønad. I alt er det då 241 faste muskarstillingar ved desse orkestra. Publikumsbesøket ved orkesterkonsertane var i 1981 om lag 199 000, medan Rikskonsertane hadde eit publikumstal på om lag 1,2 millionar. Publikums-talet ved kinoane var om lag 16,4 millionar. Av desse såg om lag 1,4 millionar norske filmar.

Samla utlån frå folke-, fylkes- og skolebibliotek var om lag 22,9 millionar i 1981, og musea hadde eit besøkstal på om lag 3,7 millionar.

Den delen av overskottet i Norsk Tipping A/S for 1981 som gjekk til idrettsformål, var 250 millionar kroner. Dette vart delt ut i 1982. Dette er ein auke på 43 millionar i høve til året før.

Av summen til idrettsformål gjekk 141,7 millionar kroner til idrettsanlegg, 94 millionar kroner til Norges Idrettsforbund og 14,3 millionar kroner til andre idrettsformål. Av summen til idrettsanlegg gjekk 121,2 millionar kroner til anlegg i fylka. Det vart delt ut tilskott til i alt 802 anlegg, m.a. 39 idrettshallar, 25 symjehallar og 49 samfunnshus.

Til forskingsformål vart det i 1982 delt ut 275 millionar kroner av tippeoverskottet frå 1981 og tidlegare år.

Av dette fekk Norges almenvitenskapelige

forskningsråd om lag 117 millionar, Norges landbruksvitenskapelige forskningsråd om lag 60 millionar og Norges Teknisk-Naturvitenskapelige Forskningsråd om lag 95 millionar kroner.

Medrekna tippeoverskottet er det over statsbudsjettet løyvt om lag 2 600 millionar kroner til forskningsformål i 1982, mot om lag 2 400 millionar kroner i 1981.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majestet, Deres Kongelige Høyhet!

Stortingets sammentreden finner denne gang sted kort tid etter Deres Majestets 25-års regjeringsjubileum. Da Stortinget ikke var samlet på selve jubileumsdagen, er det en særlig glede for oss at Deres Majestet og Deres Kongelige Høyhet sammen med andre medlemmer av den kongelige familie kan være til stede ved jubileumsmiddagen her i stortingsbygningen førstkommende mandag. Vi ser med glede og forventning frem til denne begivenhet, dette møte mellom Kongen og folkets representanter.

Det 127. ordentlige Storting, som Deres Majestet nå har åpnet, går til sin ansvarsfulle gjerning i en tid med store økonomiske problemer både på det nasjonale og internasjonale område. Mange av de saker vi står overfor, vil stille store krav til representantenes evne til samarbeid og til å treffe beslutninger som så langt som mulig kan samle oss om den store oppgave det er å opprettholde siviliseringen og å sikre næringslivets utvikling.

Den internasjonale situasjon er i uhyggelig grad preget av alvorlige konflikter i mange deler av verden. Det vil være påkrevd med en

betydelig internasjonal innsats for å løse alle disse problemer, noe som også vil være en utfordring og forpliktelse for Norge og det norske folk. Kongen og Regjeringen vil i dette arbeid kunne regne med Stortingets samvittighetsfulle medvirkning.

Statens virkefelt er i dag mer omfattende enn tidligere både nasjonalt og internasjonalt. Staten har fått et større ansvar, og med Stortingets sentrale plass i vårt statsliv har dette ført til en betydelig arbeidsbyrde for nasjonalforsamlingen. Trontalen som Deres Majestet har overlevert Stortinget, viser at mange og store saker vil bli tatt opp til behandling i kommende stortingssesjon. I enkelte av sakene vil det sikkert herske forskjellige oppfatninger blant representantene. Men jeg er sikker på at hver enkelt av oss vil ha det for øye at vårt virke må gagne vårt fedreland og bli et bidrag til beste for mennesker i de deler av verden der ufred, undertrykkelse og nød hersker.

I forvissingen om dette samles vi i det gamle ønske: Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette ønske.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Før dette møtet heves, foreslår presidenten at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte. – Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.35.